VEKEPLAN 1.trinn Veke:48



Ordenselevar:
Ole Jakob og Davyd
Lukas og Melissa

Kontaktlærar:
Anna Torsvik
Belinda Skår
Administrasjon tlf: 55 08 13 21 Epost: storebo@austevoll.kommune.no



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.20	**Samlingsstund** **Stasjonar** Norsk Matte Spel Leik	**Gym/symjing**	**Samlingsstund** **Stasjonar** Norsk Matte Spel Leik	**Samlingsstund** **Zippy**	**Samlingsstund** Repetisjon av bokstavane
09.20-09.40	Frukt				
09.40-10.05	Friminutt				
10.05-11.00	**Stasjonar** Norsk Matte Spel Leik	**Samlingsstund** **Stasjonar** Bibliotek Norsk	**Samlingsstund** **Stasjonar** Norsk Matte Spel Leik	Uteskule på skuleområdet	**Leik**
11.00-11.35			Mat		
11.35- 12.00			Friminutt		
12.00-12.45	**Leik**	**Kor**	**Leik**		SKULEDAGEN AVSLUTTES 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	

Info til heimen

Hei 😊 Håpar alle har hatt ei fin helg!

- No er det berre 1 veke igjen til julefesten. Julefesten er for 1-3. trinn måndag 30. november kl.17.30. Dette blir kjekt.
- Dei to neste vekene blir gymsalen stengt grunna julefestar. Det blir derfor utegym dei to neste vekene.
- Fint om elevane kan ta med ein raud eller grøn genser/julegenser og ei nisselue som dei kan ha på skulen fram til julefesten. Hugs å merke med namn!



Tysdag: Halve trinnet har symjing og halve trinnet har gym. Elevane skal ha symjing eller gym seks gonger før me byter. Denne veka er gong 3 av 6.
Gym: Treng gode uteklede.
Symjing: Treng badeklede, badehette, håndklede og dusjsåpe.
Torsdag blir det uteskule på skuleplassen. Elevane treng gode varme klede.

Vekas mål:

- Eg øver på å lytte når andre snakkar.
- Eg kan lytte ut fyrste, midt og siste lyd i ord.
- Eg kan rime.
- Eg kan skrive og gjenkjenne bokstaven d og k.
- Eg forstår kva me meiner med flest og færrast.
- Eg held blyanten riktig når eg skriv.
- Eg syng med når me øver på julesongane.



Vekas bokstav	Vekas bokstav
Dd	Kk

Heimelekse
Jobb med lesearket som ligg i den grøne mappa kvar dag. Les på det nivået eleven er på. Leksemappa skal alltid liggje i sekken. Me samlar inn leksene på fredagen. 

På skulen	
Norsk 	Imal sporing, salaby, lesekorpset. Me øver og fokuserer på bokstavlyd, ikkje bokstavnamn. Me finn bokstavlyden i ulike ord. Først, midt eller siste lyd.
Matematikk 	Me jobbar med: - Ordne og telje mengder - Plassere tala i rekkjefølgje - Plassere tal på ei tallinje
Engelsk 	Munnlege aktivitetar. Me lærar oss juleord.
Uteskule 	Me blir på skuleplassen. Der skal me ha leik, utforsking og læring.